

Spebarnstell.

Nedskrevi etter møte hjå Ingeborg Mork 13.03.96.

Her samlast Anna Dalen, Anna Vole, Ingebord Mork, Torild Enersvold, Guri Husom og Jorunn Kvale.

Spebarnsklede skulle ha så få såmar som råd.. Alle såmane vart bretta slik at det glattaste vende inn mot kroppen.

"Leakaure" er eit spons (innfelling) nedst på skjorta for å gjeva plagget større vidde. (jmfr. Oddbjørg Blakar)

Under krigen gjekk mykje klede tapt, fordi alt som var brukbart, vart sydd om att.

Påkledning ca. 1940:

1. Nest kroppen lang **skjorte** med lang arm + knipling. Knytt bak med rynkeband. Laga av tunn lerret.
2. **Trøye**. Stuttare, av tjukk flanell. Knytt bak. Trøya har ikkje krage, eller berre lauskrage. Trøya er tjukkare enn skjorta.
3. **Klutar**. 4 stykke. Barnet ligg på magen på stelle-fanget. Alle 4 klutane blir lagde på. Skjorta og trøya blir lagde om kvarandre og bretta på plass. Så blir barnet snudd på ryggen, og dei 4 klutane blir ordna plass på SIN spesielle måte.

1.kluten: mjuk, vanleg firkanta klut av gas som er bretta som ei bleie, d.v.s. smalt rektangel. Blir lagt mellom føtene under skjorta.

2.kluten: vanleg firkanta klut av flanell som er bretta i ein trekant. Snippen blir teken opp mellom føtene. Sidene blir lagt om kvarandre. Denne kluten ligg utanpå skjorta/trøya.

3.kluten: vanleg firkanta klut av flanell som ikkje blir bretta. Klutendane blir så lagde om kvarandre på magen. Langs beina blir tyet reiva rundt leggjer og lår. Det tyet som er nedanfor føtene, blir teke saman og lagt oppover langs kroppen framantil.

4.kluten: vanleg firkanta flanellsklut som er litt større enn dei andre. Blir lagt på ungen som klut nr.3. Det som er nedanfor føtene, blir her bretta oppover langs kroppen bakantil.

Så lenge sidan som medan dei reiva ungane, brukte dei eit langt, elastisk, rettstrikk band ca. 8cm (sume seier at det var breiare) og reiva det rundt baa føtene samstundes slik at barnet ikkje kunne bøye beina. Mange brukte huve på ungen; i allfall i vinterhalvåret.

Bánmaten

var graut av oppkokt mjølk med kveitmjøl og/eller semulegryn. Til større ungar vart byggmjøl brukt. Eiga gryte, bångrautgryte.

Morsmjølkerstatning var mjølk spedd med vatn og tilsett litt sukker.

Vogga

hadde madrass av rughalm. Oppå har låg eit ullteppe som var bretta firdobbelt. (I Bjørgen gjekk ikkje rugen fram, så dei fekk tak i rug an' stan', fortalde Anna Vole. Det var berre i seter-senga at det var brukt høy.)

Oppå ullteppen låg ungen. Huguputa hadde fjørfyll.

Dyna var eit stikka-teppen. Slik laga ein det: Ulla (tona'n) vart vaska og karda. Det vart ikkje laga tullar, men plater som vart lagde lagvis oppå stoff. Så la ein stoff oppå att FØR ein tråkla. Derfor namnet "stikka-teppen". Så vart dynetrekke hatt på.

På nordigard Kvamme er det tvillingvogge.